



Garden som ressurs for  
opplæring-, helse- og sosial sektor

# Meistring og gode opplevingar på garden



*«Inn på Tunet» er eit  
tilbod om aktivitetar  
tilpassa ulike målgrupper.  
Med gardsdrift, dyr og  
natur som ramme er målet  
meistring og ein betre  
kvardag for brukarane*



[www.innpaatunet.no/hordaland](http://www.innpaatunet.no/hordaland)



**«Vi har gjort mye kjekke ting. Eg likar å jobbe med hendene og tunge ting. Det hjelper meg å roe meg ned og lærer meg å samarbeide med andre. Godt å få ett avbrekk fra skolen og gjør det lettere å fullføre skoleuken. Lærer er kjempegrei.»**

*Brakar frå Seim gard*

*Miljøet på ein gard verkar positivt inn på humør og helse for mange. Inn på Tunet omfattar mange ulike aktivitetar, og kan være eit godt tillegg for offentlege tenester innan opplæring-, helse- og sosial sektor.*

Det er omlag 700 gardar i Noreg som driv Inn på Tunet-tenester. Bonden har ei aktiv rolle som rettleiar, arbeidsleiar og medmenneske, og arbeidsoppgåvene kan tilpassast det den einskilde brukaren har behov for. Ulike brukargrupper kan være:

- Skuleelevar
- Barn med særskilde behov
- Utviklingshemma
- Personar med psykiske lidingar
- Personar som treng attføring eller arbeidstrening
- Personar med alderdomssjukdomar
- Flyktingar og minoritetsspråklege

### **Skreddarsydde tilbod**

I fellesskap og gjennom samarbeid kan bonden og kommunen skreddarsyde tilbod til ulike grupper. Tenestene er oftast heilårlege dagtilbod, men kan også være enkeltstående besøk. Nokon bønder tilbyr avlastnings-, helge- og ferietilbod med overnatting på garden, eller butilbod over lengre tid. Ta kontakt for å høyre om det finst Inn på Tunet-tenester i din kommune. Landbruksforvaltninga i kommunen eller hjå Fylkesmannen har oversyn over dette. Sjå og [www.innpaatumet.no](http://www.innpaatumet.no)

### **Gode effektar**

Inn på tunet-tenester er gode førebyggjande tiltak. Det har vist seg at satsing på Inn på Tunet-tenester kan medføre at ein sparar inn på andre budsjettområder. Det er dokumentert at Inn på Tunet-tiltak har positive effektar i rapport utarbeidd av Høgskulen i Bergen.

Fordelar med Inn på Tunet:

- Allsidige og praktiske arbeidsoppgåver
- Kontakt med det reelle arbeidslivet
- Nærkontakt gjennom stell og omsorg for dyr og planter
- Stor fleksibilitet, variasjon og mogleik for individuell tilpassing
- Fysisk aktivitet som gjev ei god kjensle av meistring
- Hyggeleg sosialt samkvem
- Morsame og positive opplevingar

### **Aukande interesse internasjonalt**

«Inn på Tunet» begrepet vert beskrive i framandspråkleg litteratur som «Farming for health» eller «Green care farming». Evalueringsrapportar frå fleire Inn på Tunet-tenester i Noreg kan finnast på [www.innpaatumet.no](http://www.innpaatumet.no).

«Den gruppa som får tilbod i Omvikedalen treng tett oppfølging i rolege omgivelser der dei føler seg trygge. Det tilbodet har vi klart å gje på grunn av dei personlege eigenskapane til ho som driv tilbodet.»

Marie Thorkhildsen,  
Kvinnherad kommune

Nokre døme frå  
Inn på Tunet i Hordaland:

Jan Kristian Hetterud, rektor:

### Ein annleis skulevardag på gard

«Kirkevoll skole har benyttet seg av «Inn på Tunet» på Hauglandstræ i flere år. For elevene som har deltatt, har dette gitt en annerledes skoledag, med inntrykk og oppgaver som gir dem muligheten til å arbeide på en konkret måte, i nær kontakt med dagliglivet på gården. Mange elever har oppnådd økt trivsel og økt mestring som en følge av opplegget på Hauglandstræ gård. Ikke minst har kontakten med dyrene vært verdifull.

Noen av elevene som har deltatt, har fremmedspråklig bakgrunn. Ikke minst for disse har oppholdet på gården gitt dem nyttig læring om norsk primærnæring. Dette har de utviklet seg på også språklig. I tillegg til at det har gitt dem et nytt kulturelt perspektiv som vil være nyttig for å integrere dem på en god måte i det norske samfunnet.»

Marie Thorkhildsen,  
Kvinnherad kommune:

### Lystbetont for brukar og tilbydar:

«Kvinnherad kommune har i regi av tenester for psykisk helsearbeid hatt samarbeid med «Inn på tunet» i Omvikedalen. I samband med opptrappings-

planen og satsing på psykisk helse i kommunane, er tilrettelagt arbeid og aktivitet ei viktig oppgave.

Tenesta «Inn på Tunet» har gjeve arbeid til fire personar, – fire dagar i veka. Det varierer med tal dagar personen er der, slik at det er ei teneste for 6 – 8 personar totalt.

Arbeidsleiaren går i 50 % stilling. Ho er ein av våre gode medarbeidarar og deltek difor på møter og kurs på lik linje med dei andre tilsette som driv med aktivitetar.

Det har vore eit svært godt samarbeid i dei åra som er gått. Mitt råd til alle som vil drive med liknande arbeid ved sidan av gardsdrift: Du må ha ei teneste der du kan halde på med det du har lyst til og passar til. Ein «god match» er viktig.»

Ståle Eik. Lærer og gardbrukar:

### Variert tilbod på garden

«Etter mange år som lærar i grunnskulen, starta eg opp med «Inn på Tunet»-tilbod på garden vår. Elevar får her ein dag i veka vera med på noko heilt anna enn det den vanlege skulen gir dei. Tilbodet spenner frå alt vanleg gardsarbeid til fiske i elv og fjellvatn, hjortejakt og orreleik. Ruskeverstunder blir mykje nytta til forming i tre. Har fått utruleg mange positive tilbakemeldingar frå alle involverte partar.»



### Meistring og utvikling

«Elevar frå Ostereidet Ungdomsskule har i mange år hatt glede og nytte av å få ein del av opplæringa si på Seim Gard. Mange er blitt motiverte til å gjere ein ekstra innsats med skulefag gjennom at dei har fått ei meir praktisk opplæring med godt samarbeid mellom gard og skule. Elevane har fått bruke og utvikle andre sider og eigenskapar ved seg enn i den vanlege skulen. Alle våre elevar på Seim Gard har hatt monaleg framgang og modnast mykje.»

Mor til brukar: «Synes tilbudet han får på Seim Gard er veldig bra. Han får oppgaver som nok gir han utfordringer på forskjellige måter men som han opplever å mestre. Det har blitt ett høydepunkt i uken for han å reise til Seim og han er alltid fornøyd med dagen og godt sliten når han kommer hjem.»



Gerd Grimsæth – Høgskolen i Bergen

«I forskningsrapporten: Opplæring på gård 2007 (HiB) viser resultatene at gården er en betydningsfull læringsarena for barn og unge. Den praktiske aktiviteten som grunnlag for læring er av stor betydning for alle elevene, men for noen elever er den avgjørende for deres sosiale og faglige læring. At barn og unge mestrer, gjør

noe med deres integritet og personlige utvikling. Skoler som bruker gården som en av sine arenaer der opplæring foregår, har langt på vei lyktes med å drive tilpasset opplæring for sine elever. I tillegg gir læring gjennom praktisk arbeid på gården en unik helsetilværelse med hensyn til mer allsidig bruk av kroppen.»



## KONTAKT OSS

[www.innpaatunet.no](http://www.innpaatunet.no)

På nettstaden [www.innpaatunet.no](http://www.innpaatunet.no) er det samla erfaringar og nyttig informasjon om Inn på Tunet. Fylkesvis oversikt gir kontaktinformasjon til Fagforum Hordaland. Her finn du gardsdøme, rettleiar for utvikling av tenester og samarbeid mellom kommunar og gardsbruk, rapportar, nyhende og tilbod om kurs og samlingar.

Landbruksforvaltninga i din kommune eller hos Fylkesmannen er ein god stad å starte om du vil vite meir. Hordaland Bondelag eller Bonde og småbrukarlag kan og hjelpe deg vidare.

### Brosjyra er utgjeve av

Fylkesmannen i Hordaland  
[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)  
Tlf. 55 57 21 40

Fagforum Inn på Tunet Hordaland  
[www.innpaatunet.no](http://www.innpaatunet.no)

Hordaland Bondelag  
[www.bondelaget.no/hordaland](http://www.bondelaget.no/hordaland)  
Tlf. 55 91 88 80



Fylkesmannen i  
Hordaland



NORSK BONDE- OG  
SMÅBRUKARLAG



HORDALAND BONDELAG

